

 HELSE BERGEN <small>Haukeland universitetssjukehus</small>		<h2>Internettside - Biopsi</h2>	
Informasjon		Dok.ID: D72800	
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Laboratorieklinikken/Avd. for patologi		Versjon: 2.00/12.11.2024	
Forfatter: Siw-Merete Langhelle		Gyldig til: 12.11.2025	
Dok. eier: Nienhuis, Sigrid Rørvik		Dok. ansvarlig: Seksjonsleiar/Seksjonsoverlege	

Endringslogg:

Versjon	Endringar i forhold til forrige versjon
2.00	ingen endringer i dokumentet

Endringsloggen blir oppdatert automatisk. Endringar skal kun leggest inn i merknadsfeltet i dokumentvinduet i EK.

Formål

Skildring av dei ulike fagområda er lagt inn i EK for å få ein strukturert og regelmessig gjennomgang av innhaldet.

Histologi

Biopsiseksjonen ved Haukeland Universitetssjukehus, er eitt av dei største offentlege biopsilaboratoria i Noreg, og mottar omlag 60 000 vevsprøvar kvart år. Vevsprøvar, også kalla biopsiar, blir undersøkt med histologiske analysar.

Dei fleste biopsiar er diagnostiske prøvar, der ein tar ein liten bit av vevet som ein mistenker sjukdom i. Ein biopsi er eit viktig ledd i undersøking av pasientar for eit breitt spekter av sjukdomstilstandar. Dette omfattar godarta svulstar, infeksjonstilstandar, kroniske sjukdomar og ofte mistanke om kreft.

Nokre sjukdommar blir behandla med operasjon, der ein tar ut heile eller større delar av organet. Patologane undersøker operasjonspreparata for å kartlegge sjukdomsutbreinga.

Dei fleste prøvar som skal til histologisk undersøking blir fiksert i formalin. Formalinbehandlinga stoppar alle naturlege celleprosesser for å unngå at cellene dør, og for å bevare vevet best mogleg i forhold til korleis vevet opprinneleg såg ut i då det var i pasienten sin kropp. Fikseringstida vil kunne variere alt frå nokre timar til fleire dagar, avhengig av storleiken på vevet. Når dei histologiske prøvane er tilstrekkeleg fiksert, går dei gjennom ein prepareringsprosess som omhandlar makrobeskjering, framføring, støyping, snitting og farging. Sluttproduktet etter denne prosessen er eit 3-6µm tjukt snitt, der ein får fram små detaljar frå det vevet som ønskast undersøkt. Snittet blir så skanna med ein spesialisert snittskanner. Snitt blir vurdert av patolog, som stiller diagnose basert på det patologen ser i snitt. Vurdering av snitt var tidlegare gjort med lysmikroskop, med er no hovudsakleg gjort i digitaliserte snitt.

I tillegg til standardprosessen brukar patologen ofte vidare analysar som spesialfargar, immunhistokjemiske analysar og molekylære analysar for å stille ein diagnose. Diagnosen er avgjerande for den vidare behandlinga og prognosen til pasienten.